
Saksnr: 2020/79802-14
Saksbehandlar: Frank Tore Tveit

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021
Fylkesutvalet		21.09.2021

Søknad om å vere vertskap for VM i Vektløfting 2025

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser positivt på Norges Vektløftarforbund sitt initiativ til å søkje om å vere vertskap for VM i vektløfting i Sunnfjord i 2025.
2. Dersom meisterskapet vert tildelt kan Vestland fylkeskommune støtte arrangementet med inntil tilsvarende tilskotssum som vertskommunen. Eit eventuelt tilskot må handsamast i samanheng med budsjettprosessen i 2023, 2024 og 2025.
3. Det er ein føresetnad for eit fylkeskommunalt tilskot at staten bidreg økonomisk til arrangementet.

Samandrag

Norges Vektløftarforbund ynskjer å arrangere VM i Vektløfting i Sunnfjord i 2025. Forbundet har difor søkt Vestland fylkeskommune om ei villigheitserklæring, inkludert finansiell støtte til arrangementet. Forbundet har også søkt Sunnfjord kommune om støtte. Eit eventuelt tilskot bør difor samordnast med kommunen. Norges Vektløftarforbund vil også søkje Kulturdepartementet si prøveordning for arrangementsstøtte. Fristen for denne er 15. september 2021.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad frå Norges Vektløftarforbund om støtte til å arrangere VM i vektløfting 2025
- 2 Kriterier for prøveordning for arrangementsstøtte - revidert 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Norges Vektløftarforbund ynskjer å arrangere VM i Vektløfting i Sunnfjord, i 2025. I den samanheng har forbundet sendt inn ein søknad til fylkeskommunen om ei villigheitserklæring, inkludert finansiell støtte til gjennomføring av arrangementet. I hovudutvalsmøtet 25. mars, i PS 45/21, om «tilskot til store nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap», vart det kort orientert om søknaden, og om at fylkeskommunedirektøren har oppretta dialog med forbundet om arrangementet. Samstundes vart det føreslått å handsame søknaden i ei eiga politisk sak ved eit seinare høve, når prosessen knytt til arrangementet var kome eit steg lenger. Til denne tilskotsordninga kan det søkjast om tilskot til arrangement som «...skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknadar for næringslivet». Det vert vurdert at VM i Vektløfting treff innafor dette, men ordninga er årviss, og tildelinga i 2021 var for arrangement som skal haldast i 2021. Ettersom VM i Vektløfting skal vere i 2025 og at arrangementet ikkje er tildelt Norges Vektløftarforbund endå, vart ikkje arrangementet vurdert for støtte i denne omgang.

Allereie våren 2020 søkte Norges Vektløftarforbund til Kulturdepartementet om midlar til arrangementet. Dei søkte midlar gjennom prøveordninga departementet har knytt til arrangementsstøtte. Denne søknaden fekk forbundet avslag på, blant anna grunna manglande støtte frå kommunen og fylkeskommunen der arrangementet skal gjennomførast. Dette fordi forbundet hadde budsjettert med støtte frå fylkeskommunen og kommunen. Dersom Kulturdepartementet skal godkjenne ein søknad som inkluderer eit budsjett med støtte frå kommune og/eller fylkeskommune må det ligge føre vedtak som syner denne støtta.

I november 2020 fekk fylkeskommunen søknaden frå Norges Vektløftarforbund. På bakgrunn av søknaden inviterte fylkeskommunedirektøren forbundet og vertskommunen Sunnfjord kommune til eit møte om arrangementet, i januar 2021. I møtet vart det orientert om at forbundet ville avvente situasjonen kring presidentvalet i Det Internasjonale Vektløftarforbundet før dei sendte ein offisiell søknad om å få tildelt arrangementet. I juni 2021 vart det halde eit nytt møte med forbundet og Sunnfjord kommune, der forbundet orienterte om at dei vil sende søknad til det internasjonale forbundet, om å få tildelt arrangementet. Denne søknaden vil dei sende inn tidleg i 2022.

I søknaden som fylkeskommunen fekk i november 2020, vert det søkt om 8 000 000 kr. Det vert også orientert om at forbundet har søkt Sunnfjord kommune om 1 500 000 kr i støtte. I det førebelse budsjettet som ligg i søknaden budsjetterast det med ein kostnadsramme på 60 mill. kr. Samstundes som forbundet arbeider med å søkje om arrangementet vil dei også søkje om arrangementsstøtte frå Kulturdepartementet si prøveordning på nytt. Dei planlegg å søkje om 10 mill. kr. frå denne ordninga innan fristen 15. september 2021.

Fylkeskommunedirektøren ser positivt på at aktørar ynskjer å arrangere større arrangement i Vestland fylke, og når det er rom for det innanfor budsjetttrammene er det også mogeleg å støtte slike arrangement finansielt. Ein ser likevel at 8 000 000 kr er ein høgare sum enn kva det er rom for, og fylkeskommunedirektøren vil ikkje tilrå at fylkeskommunen tildeler ein høgare sum enn vertskommunen tildeler. Kor stort tilskot det vert aktuelt å tildele arrangementet må derfor sjåast i samanheng, og samordnast med Sunnfjord kommune. Dette må handsamast i framtidige budsjettprosessar.

Det er også ein føresetnad for eit eventuelt tilskot at Norges Vektløftarforbund vert tildelt arrangementet av Det Internasjonale Vektløftarforbundet. Arrangementet må tildelast seinast innan utgangen av 2022.

Fylkeskommunedirektøren legg også følgjande til grunn for utbetaling av tilskot:

- Verdas antidopingbyrå sitt regelverk må gjelde for arrangementet.
- Søkjar må i etterkant av arrangementet sende inn ein rapport med skildring av gjennomføringa og rekneskap for arrangementet.
- Bærekraft - sertifisering som grønt arrangement.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Eit eventuelt tilskot må handsamast i forbindelse med budsjettprosessen i 2023, 2024 og/eller 2025.

Klima:

Vektløftarforbundet har intensjon om å etablere samarbeid med miljøorganisasjonen Greener Events, ein organisasjon som arbeider for, og hjelper arrangement som ynskjer å redusere sitt klimaavtrykk.

Folkehelse:

Eit stort idrettsarrangement slik som eit VM i Vektløfting er kan bidra til å motivere og rekruttere fleire inn i idretten. Denne effekten vil truleg vere sterkast på lokalt nivå i Sunnfjord regionen, men kan også ha positive ringverknadar i heile Vestland. Forbundet ynskjer også å arbeide aktivt med rekruttering i åra før arrangementet.

Vektløftarforbundet har også signalisert at dei vil donere utstyret som vert nytta til VM konkurransane til lokale idrettslag og treningssenter etter arrangementet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren tilrår vedtak slik det går fram av innstillinga.